

KOPI

Førde, 3.3.14

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

## VEDR. UTSLEPPSLØYVE FOR GBNR. 140/37 I LINDÅS KOMMUNE

Dykkar ref. 2013/2113.

Eg viser til vårt brev av 27.9.13 og dykkar brev av 7.11.13.

Vi har framleis ikkje fått svar på dei tre første spørsmåla vi stilte dykk. Vi er takksame for snarleg svar.

For øvrig:

Søknaden frå gbnr. 140/49 gjaldt kùn dette gbnr., jfr. **vedlegg 01**. Det framgår på side 1 i søknaden at det er "Nyanlegg" søknaden gjeld.

1. Korleis er det med grunnlag i søknaden frå gbnr. 140/49 mogeleg for kommunen å hevde at søknaden **også** gjaldt for gbnr. 140/37?
2. Korleis er det med grunnlag i søknaden mogeleg for kommunen å hevde at søknaden frå gbnr. 140/49 **ikkje** gjaldt nyetablering av utsleppsanlegg?

Ein vedlegg også erklæring frå ansvarshavande for rørgatene, Lindås Rør & Sanitær AS (**vedlegg 02**), datert 7.5.13, der det framgår at "Rørgater og plassering av tankanlegget ble etablert på nytt med nye rør og koblinger."

Så vidt eg kan sjå av dei tilsende dokumenta i saka føreligg det kùn ei godkjenning av utsleppsløyve for gbnr. 140/37, og det er den som er gjeven 3.10.2006, der tankane er plassert slik som vist på vedlagt skisse – **vedlegg 03**.

Andre søknadar frå gbnr. 140/37, som gjeld utsleppsløyve for dette gbnr., er ikkje vurdert eller godkjent, jfr. **vedlegg 04**, e-post frå Inger Opheim Hindenes av 27.7.12.

Ein imøteser snarleg svar.

Med helsing

  
Ivar Hauge  
Advokat

Kopi: Klient

Vedlegg: Nemnde 01-04

**Tilbakemelding om plassering og løyver på gbnr 140/37 og gbnr 140/49**

Dato: 27.07.2012

Terje Hauge,

Viser til samtale i går der de ber om oversending av dokument knytt til utslippsløyve på bruk 37 og 49. Etter søk på arkiv og gjennomgang av sakene av meg sjølv og saksbehandlar har me funne dei relevante dokument De etterspør.

1. I utslippsløyve gitt 03.10.2006 på bruk 37 er minirensanlegg godkjent plassert på vestlig del av bnr 37. Utslippsløyvet gjeld berre bustad på bnr 37.

Vedlegg 1: Situasjonkart motteken stempla 13.06.2006.

Det er i etterkant motteke dokumentasjon på type anlegg (biovac anlegg til to hustandar).

2. Etter delingsløyve for bnr 49 var gitt med eigen utslippsløyve (søknad 1) for ein bueining, vart det sendt inn ny søknad om utslipp (søknad 2) som ikkje er besvart. Av den går det fram at det søkes om utslipp for 2 byggingar og 2 bueiningar.
3. I byggeløyve og utslippsløyve gitt 18.03.2009 på bnr 49 er det gitt løyve til at bruk 49 kopler seg til minirensanlegg som er godkjent oppført på bnr 37. Dette løyvet var gitt etter ny søknad om utslipp (søknad 3).

I søknaden (søknad 3) går det fram at bustaden skal knytast til eksisterande biovac anlegg for 2 hustander og at bnr 37 er tilknytt denne. Det er dette som er godkjent

Vedlegg 2: Med søknaden om byggeløyve og utslippsløyve fulgte det med kopi av signert avtale om bruksrett og grensejustering på kart i målestokk 1:454. Det er skissert noko som kan minne om eit reinseanlegg.

Denne plasseringa er ikkje vurdert eller godkjent.

*Venleg helsing*  
*Inger Opheim Hindenes*  
*sekretær*  
*Åreal- og miljøeininga*